



Ål kommune

Grunnlag for eideomsskatt 2017

Sjekk opplysningar om din eideom



Foto: Heidi Oskam

Viser til tilsendt brosjyre frå månadsskifte april/mai om saksgang for takseringsarbeidet for eventuell utviding av eigedomsskatt i Ål frå 2017. Brosjyra finn ein òg på kommunen sine heimesider.

Ål kommune har gjort ei utvendig synfaring av alle eigedommar der det kan bu folk i kommunen.

Det kan vere gjort endringar i matrikkelen, og etter Matrikkelforskrifta blir du med dette informert som registrert eigar. Du bør kontrollere om desse opplysningane er rette:

- A. Eigarrepresentant
- B. Avtale
- C. Tomt
- D. Bygningar og Bruksareal (BRA) pr. etasje.
- E. Andre som har rettar på eigdommen

Meld frå om feil opplysningar

Viss du sikrar opplysningane om eigdommen din no, så blir grunnlaget for eigedomsskatten rett. Melding om feil som ein ynskjer å rette, må vere skriftleg og dokumentasjon må leggest ved. For arealutrekningar av bygningar blir det brukt bruksareal (BRA). Bygningsteikningar som viser bygget slik det er oppført, eller egne skisser av bygg, er dokumentasjon som blir nytta ved endring av arealopplysningar. Ein kan tinge bygningsteikningar ved å kontakte Ål kommune. Under synfaringa er det også gjort skjønsmessige vurderingar. Dette vil du få meir informasjon om saman med grunnlaget for takst og skatt i 2017.

Når du sender melding må du hugse:

- Gards og bruksnummer (G.nr/B.nr) til eigdommen, evt. festenummer/seksjonsnummer.
- Adressa til eigdommen
- Kva for bygningsnummer den enkelte endringa gjeld
- Kva som skal rettast, og kva det skal rettast til.
- Ditt namn, telefonnummer og e-postadresse
- Hugs å merke vedlegg med gards- og bruksnummer, evt. festenummer/seksjonsnummer

Send meldingane dine til:

E-post: eigedomsskatt@aal.kommune.no

Eller til: Sekretariatet, Ål kommune, Torget 1, 3570 Ål

Har du spørsmål kan du ringe Servicetorget, tlf. 32085000.

Sjå også www.aal.kommune.no

Frist for attendemelding: 5. november 2016

Dersom kommunestyret utvidar eigedomsskatten til alle eigedommar i kommunen blir skattøyra for 2017, 2 promille av takstgrunnlaget for bustader, bustaddel av landbrukseigedommar og hytter. (Endringar i eigedomsskattelova om dette våren 2016.) For næring vil skattøyra mest truleg bli som for verk og bruk, 7 promille. (Kommunestyret vedtek i samband med budsjett for 2017.) Eigedomsskattetakstane blir vedtekne av sakkunnig nemnd i løpet av februar 2017. Utrekning av skatt blir sendt til eigar i februar, med forfall 1. april 2017.

Slik kontrollerer du faktaskjemaet

- A. Eigarrepresentant:** Dette informasjonsskrivet blir sendt til ein representant for eigaren. Sjå etter at rett eigar står oppført, og at adressa stemmer.
- B. Avtale:** Avtalenumeret er automatisk laga, og blir brukt som identifikasjon av kommunen. Eigdommen er oppført med eit gards og bruksnummer, og i nokre tilfelle med festenummer eller seksjonsnummer, slik: Gnr/Bnr/Fnr/Snr. Kontroller at desse stemmer. Kontroller eigdommen si adresse. Sjekk at talet på bustadeiningar stemmer med det som er godkjent av kommunen sitt byggesaks kontor.
- C. Tomt:** Opplysningane om tomte blir henta frå eigedomsregisteret i Matrikkelen. Her kjem det også fram når tomte er etablert, din del og areal. Opplysningar om tomte sitt areal kan være unøyaktig dersom det er målt opp før 1980.
- D. Bygningar:** Er det samsvar mellom registert bygningstype og faktisk bruk? Sjekk om det er samsvar mellom etasjetypa og definisjonane (sjå teikningar, siste side).
- E. For utrekning av areal** av bygningar blir det nytta bruksareal (BRA). Dette er alt areal, etasje for etasje, innanfor yttervegg. Bygningar utan oppgitt areal blir det vanlegvis ikkje skatt av. Bygningar som blir nytta ved drift i landbruket har obligatorisk fritak for eigedomsskatt og er som regel ikkje målt opp. Andre som har rettar i eigdommen: Namn på dei som har rettar, eigardel og rolle er henta frå tinglysinga hjå Kartverket.

Etasjedefinisjonar

Norsk standard 3940 blir brukt ved registrering i eigedomsregisteret. Slik blir dei ulike etasjane målt:

Loft eller hovudetasje: Høgde frå golv til skråtak skal være 1,9 meter eller meir. Gjer tilsvarande på det andre skråtaket. Mål avstanden mellom punkta i taket med 1,9 meter høgde.

- Dersom avstanden mellom punkta er mindre enn 0,6 meter er ikkje arealet måleverdig.
- Dersom avstanden er mellom 0,6 og 1,9 meter, er det loft.
- Dersom avstanden er meir enn 1,9 meter, er det ein hovudetasje. Legg til 0,6 meter på kvar side.

Breidda du får då, gangar du med lengda på huset, slik at etasjearealet kjem fram.

Kjellar eller underetasje: Det er fyrst og fremt terrenget rundt huset som avgjer om etasjen blir definert som kjellar eller underetasje/sokkeletasje.

- Det er kjellarplan dersom underkant dekke eller himling er gjennomsnittleg 0,75 meter over planert terreng rundt bygningen
- Dersom det er over 0,75 meter høgt, er det ein underetasje. Hus med underetasje ligg slik i terrenget at den eine sida er fri, og det er gjerne ei inngangsdør her.



Kjellarplan (K):

Eit plan der underkant dekke eller himling er høgst 0,75 m over planert terreng i gjennomsnittsnivå rundt bygningen. Nedsjaking for utvendig kjellartrapp, lysgrav o.l. skal ikkje takast med i utrekninga.



Underetasje (U):

Eit plan der underkant dekke eller himling er høgare enn 0,75 m, men høgst 1,5 m over planert gjennomsnittsnivå.



Hovudetasje (H):

Eit plan der underkant dekke er høgare enn 1,5 m over planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen, og der den frie breidda i høgde 1,9 m må minst vere 1,9 m.



Loft (L):

Eit rom over øverste alminnelige etasje som ikkje oppfyller krava til alminneleg etasje. Fri høgde må være større eller lik 1,9 m i ei breidde på minst 0,6 m. Loftsarealet målast til 0,6 m utenfor høgde på minst 1,9 m. Er det meir enn 1,9 meter breidde ved høgde på 1,9 meter er det hovudetasje.

Du finn meir informasjon på:

Web: www.aal.kommune.no
Adr: Eigedomsskattekontoret
Torget 1, 3570 Ål
Tlf: Servicetorget - 32 08 50 00
E-post: eigedomsskatt@aal.kommune.no

Merk all skriftleg kontakt med eigedomsskatt, namn, telefonnummer og gards- og bruksnummer og/eller vegadresse.

